


**SINGEL FRÅ SIVERT HØYEM**

Sivert Høyem er aktuell med singelen «Give it a Whirl» frå konsertalbumet *Live at Acropolis* som kjem 9. juni. Konserten, som også blir film, fann stad på Akropolis i Athen i fjor haustr, med 10.000 greske fans på to utselde konsertar. Saman med det faste bandet sitt har Høyem med seg gjestevokalist Marie Munroe og ein styrkekvartett. Albumet inneholder låtar frå både Høyem og Madrugada, der han var vokalist frå 1993 til 2008.



steen.

klovnar

når han no er ute med sitt 23. album. *Sad Clowns & Hillbillies* kjem ut på Republic, som også gav ut *Plain Spoken* (2014) – artisten har nemleg signert ei historisk livstidskontrakt med plate-selskapet.

Denne gongen er uttrykket rett fram americana i country-sjiktet, med fele og banjo som sentrale instrument, og med ein og annan feiande munspelsolo, som på «Early Bird Cafe», ei fin skildring av ein type bar enkelte USA-reisande leserar vil kjenne godt att.

Carlene Carter spelar ei viktig rolle på *Sad Clowns & Hillbillies*, både som songar og som med-komponist på eit par spor. Det ville vere gale å framstille plata som eit einsidig politisk album. Ein song som «Mobile Blues», der forteljaran kjenner seg fanga både i feil by og i feil liv, handlar mest om ei form for rastløse som ein vel må kunne kalle eit sentralt motiv i den amerikanske

ske songtradisjonen, så vel som i litteraturen. Vakre «Battle of Angels» skildrar slående korleis vi menneske kan vere tette på kvarandre i ein fase av livet, for så å verte framande for kvarandre i ein annan.

FÅ ORD

Mellencamp (f. 1951) er ein likeiti eksentralist som får sagt mykje med få ord. Og han er verkeleg for ein veteran å rekne: Han byrja å spele i lokale barar i småbyen han voks opp i i Indiana alt i 14-årsalderen. Fleire vil kjenne han frå plater som *American Fool* (1982), *Scarecrow* (1985), og ikkje minst nyare materialet som *No Better Than This* (2010). *Sad Clowns & Hillbillies* er ei fin, ny utgiving som plasserer seg godt i denne sterke katalogen.

ØYVIND VÄGNES

Øyvind Vägnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

Kongeleg cello

Kvífor er celostemma så dominerande i Mozarts «prøyssiske kvartettar»?

CD

WOLFGANG AMADEUS MOZART:
Prussian String Quartets
ENGEGÅRDKVARTETTEN.
LAWO 2017
JAMFØRING: LEIPZIGER STREICH-
QUARTETT (MDG 1999)

«Medan vanlege kongedømme var statar med ein hær, var Preussen ein hær med ein stat», hevdar den australiske historikaren Christopher Clark i *Iron Kingdom* – standarverket om Preussens historie. Etter at kurfyrst Fredrik av Brandenburg lét seg krona til konge av Preussen i 1701, avanserte kongeriket på grunn av effektiv statsstyring raskt frå å vera ein veik landbruksstat til å bli ei mektig og frykta militærmakt som skipla maktbalansen i Europa.

Særleg Austerrike fekk svi under naboen i nord: Alt i sitt første regjeringsår gjekk kong Fredrik II «den store», som kom til makta i 1740, til åtak på det habsburgske Schlesien – det historiske landskapet som svarar til sørvestlege Polen i dag. På kvar si side stod dei to tyske monarkia også i sjuaarskrigen (1756–1763), konflikten den tyske historikaren Marian Füssel kallar «1700-talets verdskrig», for krigen mellom England og Frankrike blei også utkjempa i India og Amerika, og enda med at franskmenne tapte storparten av koloniene sine.

MOZART I BERLIN

Det undrar difor ikkje at austerrikarane etter følgjar: den fromme protestanten, ihuga skjørtejegeren og lidenskaplege cellisten kong Fredrik Vilhelm II, kjend mellom anna som byggherren til Brandenburger Tor.



Engegårdkvartetten, stifta i Lofoten i 2006, spelar styrkekvartettar av Wolfgang Amadeus Mozart (1756–1791). Foto: Engegårdkvartetten

mot prøyssarane, ein motvilje som framleis ulmar, om enn med ein spøkande undertone. Austerrikarane kallar gjerne tyskarane generelt (med unntak av bayerane) «prøyssarar», og dei slår vitsar om dei på same måten som me vitsar om svenskar. Likevel skreiv både Haydn og Mozart styrkekvartettar som har fått tilnamnet «dei prøyssiske».

Det er Mozarts tre siste verk unna sjangeren – *Dei prøyssiske styrkekvartettene nr. 21, 22 og 23* (1789/1790) – Engegårdkvartetten med primarius Arvid Engegård her kjem med ei elegant innspeiling av. Mozart komponerte verka etter ei reise til Berlin i 1789, der han møtte prøyssarkongen Fredrik II («den store») etterfølgjar: den fromme protestanten, ihuga skjørtejegeren og lidenskaplege cellisten kong Fredrik Vilhelm II, kjend mellom anna som byggherren til Brandenburger Tor.

DOMINERANDE BASS

Hovudkjemnemerket til Mozarts «prøyssiske kvartettar» lét seg føra attende til den cellospelande oppdragsgjevaren Fredrik Vilhelm II. For i motsetnad til styrkekvartettar elles, der alle fire instrumenta på «demokratisk» vis skal delta på like fot, lét Mozart celloen her breia seg uvanleg mykje. Den forande melodiske rolla til celloen merkar me til dømes i 4. satsen (ein rondo i allegretto) i fyrste kvartetten, der refrengen tek utgangspunkt i melodisk materiale frå hovudtemaet i opningssatsen. Dette kjenslesterke, lengtande temaet spelar Engegårdkvartettens cellist Jan Clemens Carlsen med perfekt intonasjon og songleg frasering.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmedar i Dag og Tid.

Stolt dilettant

CD

BENEDETTO MARCELLO:
Conserva me Domine
LA GIOIA ARMONICA CPO 2017

I motsetnad til den namngjetne landsmannen Vivaldi var ikkje Benedetto Marcello yrkesmusikar. Denne venetianske advokaten av patriarfarefamilie titulerte seg stolt som «mobile Veneto dilettante» i *contrappunto*, altså som musikalsk *amator*. For han skreiv ikkje musikk av di han måtte, slik yrkesmusikarar gjør

for å overleva, men av di han *kunne*, for han hadde pengar og fritid nok til slik tidtrøyte. Det morosamste på den nye plata til barokkensemblen La gioia armonica er at *Sonate nr. 3* frå Marcellos *opus 2*. *Sonaten*, opphavleg skriven for blokkfloyte, her blir framført på det italienerane kallar «salterio» (på norsk kalla hakkebrett eller dulcimer) – eit flatt strengeinstrument av orientalsk opphav som blir lagt på knea eller på eit bord og slått på med små hammarar, noko som gjev ein spro, skimrande metallisk tone.

SJUR HAGA BRINGELAND

Venezia, fødebyen til Benedetto Marcello (1686–1739). Foto: Sjur Haga Bringeland